



Referat frå Lærdal Golfklubb Ekstraordinært Årsmøte

Stad: Klingenberg Hotell, Årdalstangen

Dato: 20.11.2019

Tid: 19:00

Ekstraordinært Årsmøte ("Årsmøtet") om bygging ny golfbane.
Det møtte 14 medlemmer med røysterett.

Framdrift, status, situasjon baneprosjektet

Klubben ved prosjektet har arbeidd med ny bane sidan 2016. Klubben fikk godkjenning frå Lærdal Kommune 19. juni 2019, prosjektet vart iverksatt og det vart invitert til innspel med frist 13. august. Men grunna endring kostnadsramme må arbeid fremover med dette baneprosjektet vurderast av Årsmøtet. (Petter Lossius, Vidar Øygard, Oddmund Bøe) Det finansielle bak dette vert presentert.

	Beløp eks mva	Beløp inkl mva
Opparbeidingbane	3 071 990	3 839 988
Vatningsanlegg	840 000	1 050 000
Parkering og vegar	410 000	512 500
Bygningar	369 500	461 875
Bru	1 550 000	1 937 500
Maskiner / utstyr	1 525 000	1 906 250
Administrativekostnader	630 000	787 500
Totalt	8 396 490	10 495 613

Avstemmingssak 1 – Årsmøtet sin godkjenning avslutning arbeid med baneprosjekt Nedre Ljøsne.

Det vart gjeve orientering om kvifor ein avslutt arbeidet med golfbaneprosjektet på nedre Ljøsne. I det vesentlege var kostnadane med bru over elva vart for store, den måtte forlengast i høve det som først var prosjektert. Dette er kostnad som ikkje vert dekkja av tippemidlar, og som klubben må bere sjølv.

Det var også sett fram krav frå Statens Vegvesen om nett mot E-16, noko som også auka kostnadane.

Før avstemming vart det også orientert om det nye området for golfbana, slik at medlemmene fekk vite kva skilnaden i kostnader vert.

Det var stemming ved handsopprekking, ingen krevde skriftleg avstemming.

For: 14 einstemmig

Mot: 0

Avstå: 0

Arbeid baneprosjekt Ljøsne, ved Saltkjelen (Sløgrandane)

Det er god kontakt med grunneigarne og Lærdal Kommune om moglegheit her. Areal, kostnadsramme, fremdrift vil bli presentert til vurdering for Årsmøtet. (Odd Inge Mo, Jørn Eldegard, Petter Lossius)

Areal vert presentert.

Her vil bana ligge lenger frå Lærdalselva, og dei 2 bruene som må byggast over elva Nivla er vesentleg mindre. Nivla er ei regulert elv, så her er det ikkje så stor variasjon i vassføringa.

Vatningsanlegg ligg i området, så kostnadane med å få til vatning av greenane og fairway vert vesentleg redusert. Det vert heller ikkje naudsynt å bygge pumpeanlegg, då der er trykkvatn. Må få til avtale med grunneigarar i høve vatning, då det er eit privat anlegg.



Namn	Gardsnr.	Bruksnr.
Erling Mo	6	4
Kåre Blaaflat	8	6
Viktor Yttri	8	14
Olav Ørbeck Mo	9	9
Jens Reidar Ljøsne	9	1
Steinar Starheimsæter	8	12
Stian Fagerlund	8	11
	8	73
Elisabeth Rumohr	8	1
Finn Mo	6	3
Jan Mo		

Areal
Trasé ni-hols bane vert presentert.

Avstemmingssak 2 – Årsmøtet sin godkjenning start arbeid med baneprojekt Ljøsne (Sløgrandane).

Avstemminga vart gjort ved handsopprekking, ingen kravde skriftleg avstemming-
For:14-einstemmig Mot: 0 Avstå: 0

Avstemmingssak 3 - Årsmøte sin godkjenning oppretting AS – «Lærdal Golfbane» med egenkapital kr. 30000 med Styret som ansvarleg eining og med formål bygging og drift golfbane på Ljøsne (Sløgrandane).

Tekniske, finansielle og praktiske tilhøve vert presenterte (Harald Husabø, BDO)

Ved å danne Lærdal Golfbane As, er det dette selskapet som skriv avtale med grunneigarane. Det må veljast eit styre til selskapet. Selskapet skal ikkje ha profittformål.

Selskapet er ansvarleg for finansiering av bygging av ny golfbane.

Det bør setjast ned ei gruppe som jobbar med å få til finansiering av dette arbeidet.

Lærdal golfbane AS gjer avtale med Lærdal Golfklubb som driftar golfbana.

Avstemming vart gjort ved handsopprekking, då ingen kravde skriftleg røysting.
For: 14- einstemmig Mot: 0 Avstå: 0

Avslutning gamle bana, status, kostnad

Orientering om framdrift dette arbeidet. Visning foto frå arbeidet og status i dag.
Gamle banen er no avslutta og det meste av anlegget er ført tilbake.

Status Utstyr

Dette gjeld disponering av eigendeler klubben har fram til ny bane er klar. Noko er lagra (skilt, proshop. . .) og status for det vert gitt. Noko kan kanskje ikkje lagrast (maskiner?), dette må vurderast av Årsmøtet.

Diskusjonssak – Dette hastar ikkje og forslag om avgjerd vert utsett til det ordinære Årsmøtet i februar 2020.

Drift av Lærdal Golfklubb 2020-2022 og handtering medlemmene sine interesser.

Her kom det framlegg om å halde aktivitet i Utladalen. Drivingranchen her kan nyttast til pitch and put. Viktig at nokon er ansvarleg for å halde orden her i denne perioden.

Det er kontakt med NGF om rettar og det administrative, og med nabo-klubber om moglegheiter for rimeligare spel.

Ole Kristian Øren orienterte om det arbeidet han gjer for å få til avtalar med klubbar i nærleiken. Valdres, Hemsedal, Voss og Sunnfjord. Her står ein del arbeid att, og nærare orientering vert gjeve på ordinært Årsmøte.

Informasjonssak, open diskusjon.

Andre saker kan tas opp; om mogleg varsle Styret før møtet.

Styret

Petter Lossius, Ole Kristian Øren, Gerd Skalle, Jan Lunde, Oddvar Aalen, Jørn Eldegard (Vara: Ingrid Jansen og Per Åke Evjestad)

Referent: Gerd Anne Skalle

